

Fra: Marte Hagen Eriksrud
Sendt: mandag 12. september 2022 09:14
Til: Postmottak Alver
Emne: Tillegg til jp 22/60845
Vedlegg: Kommunedelplan Lindåsosane 2015 - område 84-4.jpg; Utviding av eksisterande hyttefelt 84-4 kvalvågnes.doc; Kommunestyrevedtak 3 gongs handsaming kommunedelplan Lindåsosane 2015.pdf

Fra: Nils Kvalvågnes <nils.kvalvagnes@gmail.com>

Sendt: søndag 11. september 2022 11:58

Til: Marte Hagen Eriksrud <marte.hagen.eriksrud@alver.kommune.no>

Emne: Feil på eksisterande kommunedelplankart: Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden.

Hei

Viser til samtale om feil på plankartet til kommunedelplan for Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden, planid 1263-200810, vedteke av Lindås kommunestyre 24.09.2015 sak 080/15.


Kommunedelplanen skal no, etter det eg forstår, integrerast i ny arealplan for Alver kommune.

Eksisterande plankart https://www.alver.kommune.no/SysSiteAssets/innhald/plan-bygg-og-eigedom/overordna-planar/kdp_li_lindasosane/kdp-lindasosane-plankart-251115.pdf har to feilregistreingar når det gjeld hytteområdet i Mikkelvågen:

31.03.2005 sende me innspel til kommunen om hytteområdet i Mikkelvågen - på gbnr 84/4 sin grunn. Brevet ligg ved. I brevet vedt det påpeika manglande registrering av eksisterande hytteområde på plankartet og det vert sett fram ønskje om utviding av dette hyttefeltet. Ønsket er kartfesta. I endeleg vedteken kommunedelplan i 2015 er dette ønskje imøtekome som FB5 på plankartet men plasseringa er ikkje rett kartfesta på plankartet. Rett plassering finn du nedst på side 2 i brevet.

Det eksisterande hytteområdet har si godkjenning gjennom vedteken situasjonsplan godkjendt gjennom 3 handsamingar i Lindås bygningsråd i 1977. Dette området skal ha mørkebrun farge på plankartet. Hyttefeltet med hytteeigedomane 84/19, 84/20, 84/25 og 84/26 med naust i eit eige naustområde vart for det meste ferdig utbygd ca 1980. Unnataket er hyttetomt 84/29, (tinglyst 28.11.1977) som vart godkjend flytta inn i hyttefeltet frå annan stad på vår eigedom og endringa tinglyst 15.05.2000.

Etter Lindås kommune sin fargekode for arealbrukstype på plankartet skal eksisterande område for Fritidsbustader(hyttefelt) markerast med mørk orange avgrensa av heiltrekt line. Området er utegløymt markert på gjeldande plankart for området. Dette må rettast opp.



Godkjenninga av omsøkt utviding av hyttefeltet:

2. I same brevet søkte me om å få ei utviding av dette hyttefeltet nord for det eksisterande hyttefeltet FB5, område for eit nytt naust (NA5) og flytebrygge (SBH5) Desse innspela vart godkjend teke inn ved rullering av kommunedelplanen (planid 1263-200810) i 2015. men områdemarkering av det godkjendt framtidig utbyggingsområdet FB5, er plassert feil i plankartet. Rett plassering er illustrert nede på s 2 i same brevet.

Desse godkjenningane er og omtala i Føresegnerne til plankartet for kommunedelplanen.planid 1263-200810 gjeldande områda NA1 -1 naust, SBH5 - flytebrygge og FB5 - utviding av eksisterande hytteområde.

Sjå elles vedlegga.

Ring meg gjerne på telf. 95 88 68 88 om noko framleis er uklårt.

Med helsing Nils Kvalvågnes